



# LAG HAVBOTNEN



Finn fram skoøskjer eller små pappøskjer og lag havbotnen.  
Mål bakgrunnen i øskja blå. Botnen kan vere brun.  
Teikn fisk og andre sjødyr. Fargelegg dei på begge sidene.  
Klipp dei ut og heng dei opp inne i boksen ved hjelp av tråd og litt tape.  
På botnen av boksen kan de leggje litt sand, nokre steinar og skjel.  
Planter kan de lage av nokre gamle røter eller papp.

Still ut boksane og inviter nokon til å komme på besøk og beundre dei.



## Kva fann du?

Ta ein tur ned i sjøkanten og leit etter spennande artar.


Sjå på bileta. Har du funne noko som liknar?

Kor mange ulike artar klarer du å finne?

Ta bilete av det du finn. Pass på at artane har det bra medan du studerer dei!

Slepp alle ut igjen når du er ferdig.


God jakt!



Rur



Strandsnigel



Fisk



Blåskjel



Tang



Kråkebolle




Korstroll/sjöstjerne



Sjølvald art



Eremittkreps



Brunpølse



Brennmanet




Reke



Krabbe



Busksnigel



Raudpølse




# FISKESNØRE



Bruk ei trelist og skjer til ein fisk: ca. 20 cm x 10 cm.  
Lag eit godt hakk ved munnen og eit godt hakk ved halefinnen.  
Puss trelista godt med sandpapir så ho blir flat og glatt.  
Behandle treverket anten med olje, eller med maling,  
slik at det vil tole å få saltvatn på seg.

Fest ein tråd og surr opp eit par rundar med tråd slik at du får ei fin lengd på snøret.  
Tre på eit lodd på tråden.  
Fest ei klesklype i enden.

Fest noko deilig kjøtt i klesklypa og ha lukke til med krabbejakten!



Ill. Gro W